

# HYRDINGEN



Nr. 3

Mai 2023

ÅRGANG 65

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Synnøve Stødle  
vart overraska med  
Søndagsskolen sin  
heiderspris.**

Sjå side 5

Presten har ordet	s. 2	Martha og Jens Tveit	s. 4	Gudstenestelista	s. 10
Dåpskjoleutstilling	s. 2	Søndagsskolen sin heiderspris	s. 5	Frå kyrkjeboka	s. 10
Redaksjonspennen	s. 3	Opninga av Arken i Vats	s. 6-7	Møte og kunngjeringar	s. 11
Min song	s. 3	Konfirmantane 2023 – Bileta	s. 8	7. klasse – Høgt og lågt med Gud	s. 12
Då lo eg ...	s. 3	Konfirmantar til hausten	s. 9		





## Presten har ordet

Av Magnhild Handeland Helberg,  
vikarprest Ølen/Bjoa.



### Dåpen – eit trygt feste

**Kom mai, du skjønne milde, gjør skogen atter grønn. Og la ved bekk og kilde. Fiolen blomstre skjønn. Mai, månaden med mange raude dagar, med bjørkelauv som sprett ut, kvitveis og hestehov. Og bønder opptatt med lemning og dyr som skal ut på sommarbeite...**

Mai månad, ei tid for konfirmasjonar i kyrkja vår, - slik som i Ølen/Bjoa der eg no er prest. For ei flott oppleving: Spente, forventningsfull, men også litt nervøse konfirmantar omgjevne av festkledde familie og venner. Ein stor dag! Ein viktig dag?

På ei reise til Jordan for eit par år sidan oppsøkte kong Harald og dronning Sonja staden ved Jordanelva der Jesus vart døypt. Kong Harald vart sjølv døypt med vatn frå Jordanelva slik tradisjonen er for kongefamilien i Noreg. Kongen tok imot velsigninga då det vart teikna eit kors på pannen med vatn frå Jordan elva.

Som del av konfirmasjonsgudstenesta kom konfirmantane, ein etter ein, fram til døypefonten. Korsets teikn vart teikna i panna med vatn som ei påminning om dåpen.

Kva er det med dåpen som er så viktig? Først og fremst at Jesus gav oss bod om å døype. For å seie det enkelt og samtidig så vanskeleg: I dåpen blir Jesu død vår død og Jesu oppstode vår oppstode. Dåpsgåva er

lik for oss alle: Det er ikkje forskjell på Jørgen hattemakar og kong Salomo. Vi mottar den heilage Ande og vi blir Guds barn.

Kong Harald fekk ei påminning om dåpen sin ved Jordan elva. Konfirmantane har fått ei påminning om dåpen og Guds løfte om å vera med vidare i livet. Livet har sine oppturar og nedturar, vi lykkast og vi mislykkast, vi trur og vi tvilar. Gåva vi fekk i dåpen tolar stormkast og kriser av ulikt slag. «Det som skjer i dåpen gir oss trygghet» syng vi i Svein Ellingsens dåpspsalme. (Fylt av glede over livets under)

I dåpen har vi eit feste, ein stad å kome tilbake til, alltid. Guten på 6–7 år kom gråtande heim frå bursdagselskapet. Han hadde falt på asfalten og den nye bukka hadde revna. Mor tek han opp på fanget og seier: Guten min, du høyrer til her, med eller utan hol i bukka.

Dåpen gjev oss tilhøyrighet og tryggleik. Vi tilhøyrer den korsfesta og oppstadne Jesus Kristus og vi tilhøyrer den verdsvide kristne kyrkja. Jesus Kristus sviktar aldri, vi får kome til han igjen og igjen. I all slags vær, på solskinsdagar og på regnværsdagar. Så lat oss kvile i dåpens nåde og leve i oppstandelsens kraft.

Med ynskje om ein god vår og fin sommar. Magnhild Handeland Helberg, vikarprest Ølen/Bjoa.

### Dåpskjoleutstilling

Av Ingrid M. Sørvåg

Skjold og Vikebygd sokneråd skal arrangera dåpskjoleutstilling i haust, frå 15.september til 24.september. Me vil gjerne stille ut dåpskjolar frå ulike periodar, og me vil fortelje historia til kvar dåpskjole. I bygdene våre har kanskje husmorlag, helselag eller andre lag, hatt

dåpskjole til utlån for dei som ville låna? Er desse i bruk framleis? I nokre familiar er det kanskje ein dåpskjole som har vore i bruk i fleire generasjonar, medan andre har fått laga ny dåpskjole no på 2000-talet. Har du ein dåpskjole til låns, er det fint om du kontaktar: Kåre D. Breivik / 90 796 578, Kari Synnøve V. Haugen / 91 631 987, Berit M. Listog / 99 037 202, Ingrid M Sørvåg / 99 037 077.

## Redaksjons- PENNER



Av Steinar Skartland

Feiring og festkledde i bunadar, kjolar eller skjorte og dress, og der flagga har vaia frå i vinden, har prega våren. Nasjonaldagen er feira og fridomsdagar er markerte. Familiar har feira ungdommane som vart konfirmerte i fire av bygdene. Tre av sokna skal ha konfirmasjonar etter sommaren. Vi gratulerer dei alle og ynskjer dei skal ta med seg det dei lærte i konfirmantundervisninga når dei går vidare ut i livet.

I september får alle medlemmer av kyrkja høve til å vera med å velja nye sokneråd som skal ha fokus på arbeidet i dei lokale kyrkjelydane, men også representantar til Bispedømmerrådet og Kyrkjemøtet. Lister med kandidatar er klare og godkjende, og for dei som er bortreist på valdagen, så er det høve til å førehandsrøysta på kyrkjekontoret i Skjold frå midten av august. I neste nummer, som kjem i slutten av august, vil kandidatane bli presenterte.

Vats kunne i mai feira opninga av nytt bedehus og soknehus, plassert rett ved kyrkja. Flott var det å sjå at huset vart fullt begge dagar, med over 180 frammøtte. Tidene endrar seg og «verktøyet» må bli fornya, tilpassa nye måtar å arbeida på. Då var det eit flott høve for Søndagsskolen å heidra ein av dei som har stått i bresjen for bedehus-arbeidet for borna i mange år. Synnøve Stødle vart overraska med organisasjonen sin heiderspris. Samstundes står nye og yngre krefter klare til å ta over arbeidet når eldre arbeidshender treng å kvila.

Tidsrette bygg er viktige verktøy i det kristne arbeidet. Ølen kyrkje står for tur og skal rustast opp til 150-års jubileet i 2024. Ølensvåg byggjer nytt bedehus. Eit resultat av at arbeidet i kristne organisasjonar går godt og at mange står på i dugnad og frivillig innsats. Før vart det strikka, sydd og laga basarar. Det minkar på desse, og ein må tenkja nytt for å finansiera arbeidet. Men «dugnadsånd» er levande. Takk til alle som gjer si teneste på ulike måtar, og til de som bidreg med gåver.

God sommar – Ta tid til «å kopla til».

## Min song

Reidun Hegerland presenterer her ein song ho er så glad i.

Min song er: «I herrens hender» av Håkon Fagervik, også sunge av Odd Kåre Rabben. Eg vel den fordi den står meg nærast og fordi eg elskar å syngja. Eg er personleg kristen og ber til Jesus. Når eg ein gong går bort vil eg gå den vegen han vil eg skal gå, nemleg til himmelen der englar og Jesus passsar på meg. Mitt motto er: Våg og tru.



Reidun Hegerland er 51 år, oppvaksen på Innbjoa, men bur i Sandeid nå. Ho er aktiv i Vindafjord Gospelkor og ønskjer å ha fleire med her.

### I Herrens hender

Av: Håkon Fagervik

- |   |   |
|---|---|
| <p>1. Vi kan så ofte på livets vandring,<br/>bli full av uro og angst i sinn.<br/>Om du lar ordet fra Jesus nå deg,<br/>da kommer trygghet og visshet inn.</p>                    | <p>3. Om vi behøver, en som går med oss,<br/>når farer truer på ukjent vei.<br/>Så gå til Jesus, den gode hyrde,<br/>Han leder sikkert - helt hjem til seg - så...</p>            |
| <p>2. Om du er her med et såret hjerte,<br/>og ikke makter å kjempe mer.<br/>Så husk at Frelseren, han ser din smerte,<br/>Han leger sorgen og glad du ser - at</p>               | <p>Refr.:<br/>I Herrens hender, i Herrens hender,<br/>der får vi hvile, der er vi trygg.<br/>Det kanskje stormer rundt omkring oss,<br/>men i Herrens hender der er vi trygg.</p> |
| <p>Refr.:<br/>I Herrens hender, i Herrens hender,<br/>der får vi hvile, der er vi trygg.<br/>Det kanskje stormer rundt omkring oss,<br/>men i Herrens hender der er vi trygg.</p> |   |

### Då lo eg...



Sveinung Mortveit Sundfør.

Sveinung Mortveit Sundfør er speidarleiar og bur i Skjold, han vil dela denne historia med oss:

Tre speidarar var på tur, og etter langt og lenge kom dei fram til staden der dei skulle overnatta. Men når dei skulle slå leir, oppdaga dei at dei hadde gløymt teltet! Speidarane visst råd. «Ein», sa den fyrste

speidaren. «To», sa den neste, og «Tre!» sa den siste. Dermed hadde dei telt til tre.

Til neste nummer utfordrar han ein av speidarleiarane i Vikebygd: Håvard Tveit.



# Martha og Jens Tveit

## Trufaste kyrkjegjengarar med eit langt liv bak seg som aktive frivilligheitsarbeidarar.

Tekst og foto: Trygve Sandvik

**Går du i kyrkja i Vikebygd, Skjold eller Vats ein søndag føremiddag, er det mykje rimeleg at du treff på ekteparet Martha og Jens Tveit frå Vikebygd.**

I og for seg er det ikkje noko uvanleg at ektepar kryssar soknegrensene, men for Martha og Jens er dette noko meir. Jens har i mange år hatt problem med føtene, og i dei nær to siste åra har han vore avhengig av rullator både ute og inne. Tidlegare var det han som køyrde til kyrkja, men no er det Martha som står for køyringa. Sertifikatet har han gitt frå seg.

Hyrdingen har teke ein tur til heimen deira i Krekavegen i Vikebygd (eit småbruk ned mot Ålfjorden) for å intervjuar det spreke ekteparet (Jens 86 og Martha 83 år). Det første spørsmålet som vert stilt er kva slags drivkraft det er som gjer at dei kjem seg til kyrkje mest kvar søndag?

«Me har vore vane med det frå me var små at søndag var dagen ein skulle til kyrkje. Der treff me kjenningar og der får me høyra Guds ord», seier Jens, som store deler av livet sitt har vore oppteken med kristen forkynning i ulike former ved sida av arbeidet som lærar og rektor i skulen.

### Oppvekst og familie.

Der ekteparet no bur, er heimegarden til Martha. Dei flytta hit i 1997. Tidlegare budde dei i Etne. Jens er fødd i Austreimsbygda i Skjold, og som nyutdanna lærar starta han opp ved Håland skule i Etne i 1961. Han heldt fram ved fleire av skulane i Etne, så som Grønstad skule, Enge skule og til sist Rygg skule der han storparten av tida var rektor.

Martha og Jens vart gift og stifta familie i Etne. Her vaks det opp 5 born, 3 gutar og 2 jenter. Som



Jens og Martha Tveit.

husmor hadde Martha nok å gjera. I tillegg til borna måtte ho i ein periode ha omsorg for foreldra sine. Dei siste fem åra før foreldra hennar døyde i julehelga 1975, med kort tid mellom dødsfalla, budde dei hjå Martha og Jens om vintrane. Dermed vart småbruket i Vikebygd liggjande folketomt, men Martha og Jens sikra seg dette som fritidsbustad før den nye lovendringa for landbrukseigedomar stilte krav om buplikt.

Men røtene til Vikebygd var sterke, og frå midten av 90 – åra vart dei fastbuande på småbruket. Då hadde Jens sagt opp jobben sin i Etne, og fått seg ny lærarjobb i Vats. Her vart han verande til han gjekk av med alderspensjon rundt 2006. Då hadde han bak seg 42 år i skulen.

I dag har dei både son og soneson med familiar rundt seg, og ingen av borna er lengre vekke enn at dei kan

vitja dei på dagen. «I alt har me 14 barnebarn og 14 oldebarn, og rundt her me bur, er me 4 generasjonar, så me er ikkje einsame,» seier Martha. «Me er rike», seier Jens.

### Frivillig arbeid.

Både Martha og Jens har lagt ned ufatteleg mange timar med frivillig arbeid og teke på seg ansvar i mange samanhengar. Jens starta med speidararbeid i Etne i 1964 ettersom det ikkje var noko tilbod til born og unge på dette området. For dei som vaks opp i Etne på denne tida, var han den personifiserte speidarleiaren for 1. Etne KFUM. Dette arbeidet varde heilt til 1986 då han gjekk av som gruppeleiar, men han heldt fram som medlem til ut på 1990-talet ein gong.

Martha var leiar for bedehusforeininga i Etne i ganske mange år – i styret var ho med i 14 år. Det var ikkje speidararbeid for jenter i

førstninga, men Martha var med i triangelarbeidet - eit yngresarbeid – medan ungane var i den alderen. Og så var det no slik at når Jens hadde samankomstar i speidaren eller det føregjekk eit eller anna på bedehuset der familien var innblanda, så fall det mest alltid ein del arbeid på Martha i form av tilstelling og oppvarning. Det var nærast sjølv sagt.

Då dei kom til Vikebygd, stoppa ikkje frivilligheita. Jens starta tidleg med å ta på seg å halda andaktar i barne- og ungdomsarbeid, og seinare som talar i vanleg møteverksemd. Han var ein etterspurd talar «overalt» anten det var andakt i eit yngreslag, ein speidarleir, ein basar, ein juletefest eller ei anna samkome der ein ønskte eit åndeleg innslag. Han har leia minnemøte i samband med gravferder, og han har vore ein naturleg person å kontakta i mange samanhengar. Det som har vore sermerkt med Jens er at han har hatt ei spesiell formidlingsevne som får både unge og eldre til å følgja med. Han treff folk på heimebane, og ein merkar at ein får noko ved å høyra på han.

Det vil fara for vidt å nemna alt Jens har engasjert seg i, men noko meir må nemnast. I over 20 år var han svært aktiv i Indremisjonssamskipnaden IMS, Det heile starta med at han vart spurd om å vera bibeltimemehaldar på leir på Brandøy. «Dermed var det gjort,» seier han. Bedehuset i Vikebygd fekk ny formann då dei flytta til Vikebygd, og han kom med i redaksjonen for Hyrdingen i 2006, der han var ein aktiv skribent og deltakar.

Martha fekk nye oppgåver då dei flytta til Vikebygd. Ho kom med i foreininga for Normisjon på bedehuset, og som i Etne stilte ho opp når det var trong for hjelp på bedehuset anten det var matlaging, servering eller rydding. På Brandøy fortel ho at ho har vore med på kjøkkenet og utvask. Martha er noko smålåten, og det kjem fram at ho har lagt ned eit vesentleg arbeid gjennom åra. Ja, den dag i dag ringjer dei etter henne og spør om ho kan hjelpa dei litt, og Martha svarar som oftast ja.

Hyrdingen kjenner godt til at Jens likar godt å koma i kontakt med folk, og difor kjem spørsmålet om han har ei eller anna historie å fortelja om folk han har møtt eller kjenner til. Og med eit lunt smil om munnen kjem dette: Ein tidlegare prest i Etne som mykje nytta sykkel når han for rundt i bygda, fekk spørsmål om kvifor han ikkje heller bruka bilen. Til dette svara presten: «Når eg sykklar, kan eg snakka med folk». Den same presten gjekk mykje på bedehuset, og ein del folk undrast på kvifor han som «kyrkjemann» gjorde dette. Ja, svara presten, «dette må eg gjera for at folk skal koma til kyrkje».

Martha og Jens er ja-menneske, og Hyrdingen vil nytta dette høvet til å takka for alt dei har gjort i bygdena.

## Søndagsskulen sin heiderspris til Synnøve Stødle:

### Med hjarta for Søndagsskulen i 40 år

Tekst og foto: Steinar Sørhus

### Synnøve Stødle har hatt eit brennande engasjement for søndagsskulen i over 40 år.

Hovudsakeleg på Kårhus bedehus i Vats. Utanom faste samlingar på Kårhus bedehus, har ho vore med å drifra årlege arrangement som basar, samlingar med søndagsskulen på Vindafjordtunet og juleverkstad med graut.

**Påskevandringa** – ei utstilling som har vore sett opp årleg i fleire tiår på Kårhus bedehus, er det Synnøve som står bak. Det er ho som har samla alle plansjane og



Synnøve Stødle fekk «Søndagsskulens Heiderspris» utdelt av Ingeborg Voll, søndagsskulekoordinator i Søndagsskolen Norge, avd Vest (Rogaland). Den vart delt ut på gudstenesta i Arken 7. mai.

tinga som passer til for å visualisera heile påskeevangeliet. Ho har satt utstillinga opp og avtalt med skulen slik at dei kan kome og sjå utstillinga. Eit fantastisk supplement til KRLE-faget i skulen.

### Revitalisering av søndagsskulen.

Dei siste åra har ho, i samarbeid med Ingeborg Voll frå Søndagsskuleforbundet, vore med på å engasjere ungdommar frå Lundeneset til å vera med å drive søndagsskulearbeid i bygda vår. I vinter har det vore med 4 kjekke karar frå Lundeneset. Noko som har vore veldig populært. Rundt 30 born, deriblant mange gutar, har jamleg møtt fram på tysdagskveldane. Den nye måten å driva søndagsskulen, har no vore i gang i over to år. Det har vore veldig kjekke samlingar. Arbeidet vert no drive ilag med to lokale damer.

### Velfortent heiderspris til Synnøve.

No gler Synnøve seg stort over at Arken er ferdig, og at søndagsskulen får koma inn i nye lokale. Det er mange som er svært takksame og audmjuke for det arbeidet ho har lagt ned i bygda vår, og for at evangeliet om Jesus skal bli forkynt for borna her i bygda.



# Arken er opna!

Tekst og foto: Olav Velde, Steinar Sørhus og Rolf Jarl Sjøen

Vatsbygda har teke i bruk eit nytt, stort, flott og moderne bedehus/soknehus. Det vart feira med vigslingsfest laurdag 6. mai, og gudsteneste 7. mai med stor deltaking. Meir enn 180 var til stades både laurdagen og søndagen. Borna tjuvstarta med eit arrangement fredagskvelden i ungdomsavdelinga.

Tidlegare sokneprest Trond Wathne og kona Helga var inviterte til festen, men kunne ikkje koma. Men dei sende ei helsing, der dei skreiv m.a.:

*Dette er vel verdt å feire. Hjertelig til lykke med vel gjennomført dugnadsarbeid over lang tid. Her ved veien gjennom bygden ligger kirken. Kirken med kirkerommet som gjerne kalles kirkeskipet.*

*Nå ligger Arken trygt fortøyd på styrbord side. Et prektig bygg, reist på idealisme. Bygget i tro, og med forventning om store ting. Og jeg er sikker på at Arken vil bli til både velsignelse og glede.*



Omlag 180 gjester fekk sete i storsalen og lillesalen. Og nokre på gangen.



Ordfører Ole Johan Vierdal klippte snora med god hjelp av Johanna og Silja Krakk, og Turid Dahl. Turid leia festen. Ho har store visjonar for kva Arken skal bety for bygda og folket i Vats.



Filip Meszynski (gitar), Bård Kristoffer Velde (slagverk), Malin Krakk, Elisabeth Gregersen, Kjetil Ohm, Lill-Inger Velde og Asbjørn Velde (tangent). Dei leia songen på ein framifrå måte.



Jostein Sørhus er formann i Arken, og han måtte fleire gonger fram og takka for gåver. Frå soknerådet i Skjold og Vikebygd fekk Arken dette rosemåla fatet.



Gåva frå Vats sokneråd var Arken full av dyr, ei gåve som særleg dei minste sette pris på.



Sjur Inge Stødle har arbeidd iherdig heilt sidan starten for å få reist eit bedehus/soknehus for heile bygda. Karl Stokland har vore formann i byggjekomiteén, og han ha gjort ein kjempejobb.



Barnekoret som med frisk song var med å setja preg på gudstenesta.

## Fakta om Arken

- 2008: Ei interessegruppe i Vats sende inn framlegg om regulering av tomta til utbyggingsføremål
- Det vart i 2009 teke med i kommuneplanen
- Folkemøtet i februar 2010 gjorde framlegg om tomtekjøp
- Vats bedehus/soknehusforeining blei stifta 13. mai 2013
- Skøyte på tomta vart tinglyst nov. 2013
- Mange og lange diskusjonar om utforminga av bygget
- Det enda med eit bygg på 534 m<sup>2</sup>
- Byggeløyve 5. juli 2021
- Første spadestikk 6. juli 2021
- Byggetid 22 månader
- Ca 2,5 mill. kr. i innsamla midlar
- Lån 7,5 mill. kr.
- Ca. 6000 dugnadstimar
- Huset har ein verdi på ca. 12 mill. kr.
- Vart vigsla og teke i bruk 6. mai 2023



Gudstenesta på søndagen samla folk frå Vats og bygdene i nærleiken. Temaet var Nåde. Sigfred Sørensen heldt ein tankevekkande tale til ei fullsett Arken. Det var barnekor, solosong og nattverd. Og kyrkjecaffi etterpå. (Foto: St. Skartland)





Foto: Fotograf Nordtveit

## Konfirmantane i Vikedal

### Framme frå venstre:

Julie Reimers Holten Leifsen, Elise Hundseid Dahlberg, Camilla Reimers, Maia Opsal, Emma Bakkedal Espevoll, Petra Blikra og Amalie Aarekol.

### Bak frå venstre:

Marita Kvitno Staurland, Thomas Hustveit Nybru, Mikkel Bjørnsen Andreassen, Vegard Kvamen Låte, Anders Klæboe Moland, Kristian Halleraker og Sigve Hasseløy Clementsen (prest).



Foto: Fotograf Nordtveit

## Konfirmantane i Sandeid

### Framme frå venstre:

Marita Kvitno Staurland (leiar), Eline Opheim Lærdal, Liepa Mazrimaite, Hanne Heggebø, Amalie Sofie Yrke Fennefos, Stine Lint Hjelmtveit, Silje Håkull Apeland og Sigve Hasseløy Clementsen (prest).

### Bak frå venstre:

Georg Matre Helgevold, Sindre Vestbø, Magnus Solberg, Noah Lien Johnsen, Ørjan Miljeteig Svendsen, Halvor Byggstøyl Ørke og Rune Aleksander Owe Halleraker.



Foto: Økland Foto

## Konfirmantane i Ølen

### Framme frå venstre:

Nicolai Digernes Lothe, Dan Evan Iddeland, Mariell Rødne Brataas, Elin Hadland Heggebø, Milla Tvedt-Steinstø, Mia Berge Ljosnes, Benedicte Ribesen Heskja, Linea Ekelund Gundersen, Morten Handeland, Eirik Hogett.

### Bak frå venstre:

Debora Steging Hustveit (konfirmantleiar), Magnhild Handeland Helberg (prest). Thomas Lunde, Sigbjørn Mogleiv, Mathias Matre Søvik, Sebastian Hustveit, Thomas Andre Osaland, Håvard Kvamen, Adrian Lone, Sondre Aarekol, Elias Stople Haugland, David Digernes Matre, Endre Heggebø Sondenå, Henrik Osvald Nedrelid, Rune Steensnæs Engedal (prost).



Foto: Lyla Granberg

## Konfirmantane på Bjoa

### Frå venstre:

Magnhild H. Helberg (prest), Martha Andrea Granberg, Linnea Bergsvik Knudsen, Emi Bødtker Krøger, Astrid Håvarstein Lothe.

## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

**LUNDENESET VGS**  
- en kristen internatskole i Ølensvåg

**Vi tilbyr**

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på [www.lvs.no](http://www.lvs.no)

NLMvgs

**Knapphus Bil**

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

**Knapphus Dekk & Bilverksted**

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**SpareBank 1 SR-BANK**

**Haugesund Sparebank**

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

**Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](http://www.olensenter.no)



**joker**

**Vikebygd Landhandel AS**

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)

**Ølen Betong**

Tlf. 5377 5200 - [www.olenbetong.no](http://www olenbetong.no)

**Ølen auto**

**tsrevisjon**

Autorisert regnskapsførerselskap

[www.tsrevisjon.no](http://www.tsrevisjon.no)

Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

**GRANBERG GARVERI AS**

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg  
Tlf. 52 76 50 00 [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)

## Konfirmantar sommaren 2023

Tre av sokna skal ha sine konfirmasjonar etter sommaren. Desse er:

### Vikebygd 27. august kl. 11:00

Alfinn Bjerga, Damien Espedal, Ella Winterhus Julsrud, Milla Elise Larsen, Thea Rødde, Thomas Rødde, Jenny Alice Berentsen Trovåg, Alexander Langhelle Vik og Trine Lenaire Vik.

### Vats 2. september kl. 11:00

Maja Aaserød, Karen Blikra-Ohm, Malene Gregersen, Øyvind Lea Koltveit, Magnus Günther Skogen, Arian Aaserød Solvang, Emil Vassnes, Mathias Velde og Camilla Nordtveit Vestre.

### Skjold 26. august kl. 12:00

Kara Celine Amundsen, Emilie

Victoria Brekke, Andrine Dybdahl, Preben Eide, Marie Handeland, Hanna Haraldseid, Sindre Hustoft, Åse Line Johansen, Sveinung Havn Lothe, Thomas Havn Lothe, Johannes Lundal, Leo Rødde, Emma Rørtveit, Karoline Skjold, Eline Sørhus, Tobias Sørhus, Vejbjørn Voll og Leon Christopher Johannesen Zoonekyndt.

**Konfirmant i Skjold:** Ole Byrkja Hystad vart konfirmert 29.april på Leirvik bedehus, Stord.



Dato	Tid	Stad/kyrkje	Info: Sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
04.06.	11.00	Vikebygd	Friluftsgudsteneste, Takkoffer: Sundagsskulen	Matt.28,16-20
11.06.	11.00	Skjold	Gudsteneste, Takkoffer: Brandøy misjonssenter	Matt.3,11-12
11.06.	11.00	Sandeid	Gudsteneste, Takkoffer: Sandeid bedehus	Matt.3,11-12
11.06.	11.00	Bjoa	Gudsteneste, Takkoffer:Hyrdingen	Matt.3,11-12
18.06.	11.00	Ølen	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk.14,15-24
18.06.	11.00	Refsnes, Vats	Gudsteneste. Speidarar deltek. Takkoffer: KFUM/K global.	Luk.14,15-24
18.06.	11.00	Vikedal	Gudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Luk.14,15-24
25.06.	11.00	Imsland	Gudsteneste, Takkoffer: Ungdomsklubben i Vikedal	Mark.10,17-27
02.07.	11.00	Vikebygd	Song- og musikk gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Matt.7,15-20
02.07.	13.00	Ølen	Gudsteneste Takkoffer	Matt.7,15-20
09.07.			Ikkje gudstenester i Vindafjord	
16.07.	11.00	Sandeid	Gudsteneste, Takkoffer: Lokal trusopplæring	Luk.15,1-10
16.07.	13.00	Skjold	Gudsteneste, Takkoffer	Luk.15,1-10
23.07.	11.00	Vats	Gudsteneste, Takkoffer	Matt.6,19-24
30.07.	11.00	Ølen	Gudsteneste, Takkoffer	Matt.11,28-30
30.07.	13.00	Vikedal Motorbane	Gudsteneste, Takkoffer	Matt.11,28-30
06.08.	11.00	Sandeid	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk.5,27-32
06.08.	13.00	Bjoa	Gudsteneste, Takkoffer	Luk.5,27-32
13.08.	11.00	Skjold	Gudsteneste, Takkoffer	Matt.23,37-39
13.08.	13.00	Imsland	Gudsteneste, Takkoffer	Matt.23,37-39
18.08.	18.00	Skjold	Samtalegudsteneste	
20.08.	11.00	Vikedal	Gudsteneste, Takkoffer	Matt.6,24-34
20.08.	13.00	Vats	Gudsteneste, Takkoffer	Matt.6,24-34
24.08.	18.00	Vikebygd	Samtalegudsteneste	
26.08.	12.00	Skjold	Konfirmasjonsgudsteneste	
27.08.	11.00	Vikebygd	Konfirmasjonsgudsteneste	Matt.25,14-30
29.08.	18.00	Vats	Samtalegudsteneste	
02.09.	11.00	Vats	Konfirmasjonsgudsteneste	

Velkomen til gudsteneste i sommar! Det er høve til dåp alle sundagar! Det er også meldt mange vielsar, og vi tek gjerne imot fleire!

## FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde
<b>Ølen</b>	19.03.2023 Emil Berge 19.03.2023 Isak Stople 09.04.2023 Markus Eldegard Vikestad	27.02.2023 Cesilie Hegge Gundersen f. 1987 17.03.2023 Margit Heggebø f. 1928 20.03.2023 Lars Stangeland f. 1927 22.03.2023 Alf Otto Gordon f. 1944
<b>Sandeid</b>	05.03.2023 Johanna Halsos Stuhaug 05.03.2023 Ellie Stople Jastrey	28.02.2023 Gudrun Årak f. 1927 03.03.2023 Ingrid Lillehammer f. 1926 14.04.2023 Lars Inge Handeland f. 1940
<b>Vikedal</b>		19.02.2023 Marit Krokedal Slette-meås f. 1961 11.04.2023 Leif Arne Nilsen f. 1956
<b>Vats</b>	19.03.2023 Hedvig Olsen Landa	
<b>Imsland</b>	26.03.2023 Signe Riska	27.02.2023 Jan Aksland f. 1942
<b>Skjold</b>	26.03.2023 Milea Hustveit Litlehamar 26.03.2023 Asbjørn Jakobsen Larsen 26.03.2023 Magnus Risanger 09.04.2023 Leo Vinje Eidsheim	
<b>Vikebygd</b>	26.02.2023 Tønnes Mortveit	16.03.2023 Johannes Øvstedal f. 1937 24.03.2023 Ingvar Meyer Eide f. 1924
<b>Bjoa</b>	12.03.2023 Markus Hustoft Granberg 12.03.2023 Sigurd Grov Hjellestad	04.04.2023 Åse Marie Nesheim, f. 1956

**Vigde 01.04.2023 i Vikebygd:** Sandra Marie Bjørnset Sælemyr og Kjetil André Skartland. Vi gratulerer brudeparet!

## Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: [www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no) og Facebook-sida

08.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
13.06.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
15.06.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
20.06.	tirsdag	19.30	Bønnemøte
24.08.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
31.08.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
31.08.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
03.09.	søndag	17:00	SAMLINGSFEST
07.09.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt

## Bedehusa i Vats

23.08.	onsdag	Arken: Møte NMS
30.08.	onsdag	Arken: Møte Seretpta
06.09.	onsdag	Øvre Vats: Møte Godt Nytt

## BIBELHELG i ARKEN

*10.–12. august.*

Vi får besøk frå Danmark. Henning Hansen vil halda 4 bibeltimar over profeten Jona. Henning og Judit har besøkt oss før i Blikrabygda for fleire år sidan. Då hadde han same tema. Ransakande og tidsaktuelt. Henning var tidlegare politimeister, men er nå mykje brukt i nærradio og forkynning. Judit er organist. Vi gler oss til gjenhør frå våre vener.

## Basar Imsland bedehus

*19. juli kl. 18.00.*

Andakt ved Sigve Hasseløy Clementsen. Allsong, åresal, kaffi og kaker. Førhandssal av lodd: vipps til 90471616. 20 kr loddet. Hjarteleg velkommen små og store fra alle bygder!

## Basar IIsvåg bygDAHUS

*Laurdag 29. juli kl. 19.00.*

Til inntekt for NMS. Hjarteleg velkommen.

## Stemme på Vikestølen

*Velkommen til stemne på Vikestølen søndag 25. juni kl. 12.00.*

Talaren i år er Willy Ludvigsen, dagleg leiar i Flymisjonen MAF (Mission Aviation Fellowship). Det vert også ettermiddagssamling kl. 14:00, og mellom desse møta er det tid for ei matøkt og prat (så ta med niste). Det årlege «Vikestølsmøtet» vart første gong skipa i året 1900, då folket frå kyrkjesokna Skjold, Vats, Vikebygd, Bjoa og Ølen sette stemne til forkynning og song oppe på Vikestølen. Men her kjem dei frå eit mykje større distrikt, og alle er velkomne. På programmet er også allsong, solosong, musikk og kollekt til MAF.

## Vågen bedehus [www.vaagenbedehus.no](http://www.vaagenbedehus.no)

07.06.	onsdag	19:30	Bønnemøte
11.06.	søndag	19:30	Kveldssamling
14.06.	onsdag	19:30	Bønnemøte
18.06.	søndag	11:00	IMS Sommarfest på Brandøy
21.06.	onsdag	19:30	Bønnemøte
28.06.	onsdag	19:30	Bønnemøte
09.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
16.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
20.08.	søndag	19:30	Kveldssamling
23.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
27.08.	søndag	11:00	Åpningssamling med søndagsskule og middag på Bygdasenteret
30.08.	onsdag	19:30	Bønnemøte
06.09.	onsdag	19:30	Bønnemøte

## Bedehusa i Skjold

23.06.	fredag	Austrheim: St.Hansfeiring
--------	--------	---------------------------

Korleis kjem vi dit? Følg gode skogsvegar opp frå Vikebygd (parkering ved kyrkja) og Bjoa (parkering på Eikås). Du må rekna litt over 1 time å gå frå Vikebygd og 45 minutt frå Eikås, så start i god tid.

## Vitjing frå Thailand – konsert i Skjold *Onsdag 21. juni.*

Vi får ei spanande vitjing frå Immanuelskyrkja i Bangkok. Fem musikarar som skal delta ved generalforsamlinga til Det norske Misjonsselskap i Stjørdal i slutten av juni, skal ha konsert i Skjold kyrkje kl. 19.00. Det vil også bli orientering om misjonsarbeidet.

Ekteparet Solveig og Dag Johannessen har gjort teneste i Bangkok gjennom mange år, og Solveig som er frå Vats, har bygd opp ein musikkskule i knytt til dagheimen for vanskelegstilte born, som Immanuelskyrkja driv. Dei som er leiarar for musikkskulen i dag, er Solveig sine tidlegare elevar. Dei er blitt så dyktige, at ein av dei fekk tilbod om plass ved symfoniorkesteret i Bangkok. Det takka han nei til, han ville heller halda fram ved musikkskulen for borna!

Det er ikkje inngangspengar til konserten, men kollekt til arbeidet. Velkomen til ei stor oppleving!

## Olsokgudsteneste i Vats kyrkje *Olsokdagen 29. juli.*

Det blir ei song- og musikk gudsteneste i Vats kyrkje kl. 18.00. Det er messa «Under kirkehelv», skriven av den kjende komponisten Ludvig Nielsen, som skal framførast av familien Meling saman med vener.

Denne messa vart første gong framført ved Kyrkjesongfesten i 1978, og det medverkar blåsarar, strykarar og orgel. Det er også fleire felles songar i programmet, saman med skriftlesing og ein kort tale. Olsok er ein stor dag i den norske saga, og vi vonar at mange vil finna vegen til Vats denne kvelden for å feira den kristne arven i landet vårt!

## PRESTETENESTE OG GUDSTENESTER **Sommaren 2023**

Det vil i sommar vera to prestar i teneste i Vindafjord: Sigve H. Clementsen som er fung. sokneprest i Vikedal, Sandeid og Imsland, og Sigfred Sørensen som er fung. sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd. I tillegg får vi ein prestestudent, Vegard Tysseland, i tida 26.06.-23.07. Han skal ta nokre gudstenester og gravferder.

Sigve Clementsen har ferie/avspasering i veke 26-27-28 og 32-33. Sigfred Sørensen har ferie/avspasering i veke 27 og 29-30-31. Dei vekene den eine er borte på ferie, har den andre teneste i heile kommunen.

Hausten 2023 er ennå noko uklår. Det er ikkje søkjarar til dei 3 prestestillingane i sikte førebels. Både Magnhild H. Helberg og Sigve H. Clementsen vil framleis ha tenester i Vindafjord. Sigfred Sørensen held også fram inntil vidare om lag som før, med særleg ansvar for Skjold, Vats og Vikebygd.



# 7.klasse - Høgt og lågt med Gud oppe i tretoppene på Nedstrand

Tekst og foto: Ester Limstrand Åsheim

**FUT og trusopplærarane ville laga eit opplegg med 7. klassingane i kommunen. Første spretten har gått av stabelen.**

Kullet med 2010'arar ramla litt inn i korona med både 5.klasse-leir og Lys vaken i 6. klasse. Dei fekk gjennomført ein god del, men me sakna litt eit opplegg når dei kom i sjuandeklasse-trinnet. No har me fått til eit opplegg som me har kalla «Høgt og lågt med Gud». Og høgt og lågt blei det! Med klatreparken «Høyt og lavt» i Nedstrand som utgangspunkt for tema måtte jo dette bli litt høgt og lågt. Sytten veldig klare sjuandeklassingar møtte opp klokka 10 laurdags morgon. Debora Hustveit, Marita Kvitno Staurland og Ester Åsheim var klar som leiarar i lag med tre flotte foreldre: Trygve Bjerga, Kjetil Nesbu og Lene Marie Hustveit. Kvar og ein var fulle av energi og styrke i armar og bein. Nesten like mykje energi og styrke som sjuandeklassingane.

Etter «Start-andakten» for dagen var det rett til værs i tretoppar og løyper mellom trea. Me fekk med oss Maja, Camilla og Preben eit stykke ut i dagen. Dei er konfirmanter dette året i Vats og Skjold. Dette hjalp



Debora Hustveit høgt i tretoppene utan høgdeskrekk.



7. klassingane i klatreparken «Høyt og lavt» i Nedstrand.

godt på. Ganske gode mengder med frukt, rundstykker og grillpølser vart konsumert. Så var det opp igjen. Me som vaksne leiarar klarte ikkje å skjula kor imponerte me var. Me har høyrte om andre grupper som er slitne og utkøyrdde etter nokre timar. Men, neida. Her var det full fres til siste slutt.

Ofta fortel me om hendingar der Gud er med oss når ting vert vanskelege og tøffe i livet. Me gløymer at Gud er med heile tida -også alle dei gongene me opplev kjekke, spennande og gode ting. Gud er jo med der og!

Eg tenkjer nok at det var slitne sjuandeklassingar, foreldre, leiarar og konfirmanter med litt strekk i armar og bein som køyrde heim laurdags ettermiddag. Men, du og du for ein flotte gjeng! Eg gler meg mykje til neste gong me skal være Høgt og Lågt med Gud igjen. ...og då vil eg og være med opp i klatreløypa!

(Teksten er korta ned av redaksjonen)

**Andaktstelefonen**  
**380 91700**  
Åpent hele døgnet!  
Ny andakt tirsdag og fredag  
Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...  
EIGENTLEG?**  
Eit menneske å snakke med  
når livet er som verst  
SOS-Chat: [www.soschat.no](http://www.soschat.no)  
Kirkens SOS  
22 40 00 40  
SOS-melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

Neste nummer av Hyrdingen  
kjem ut 30. august.

Frist for levering av stoff er  
1. august.